

Saksbehandlar: Øystein Hunvik, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 16/7182-1

## Fylkeskommunal overtaking av innkjøp av ferjetenester mellom Barmsund og Barmøy i Selje kommune

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommunen overtek ansvaret for innkjøp av ferjetenester på strekninga Barmsund – Barmøy i Selje kommune.
2. Selje kommune får kjøpe opsjonsruter i samsvar med retningslinjene i FT-sak 11/10.
3. Ved ei eventuell overtaking av ferjekaiane har Selje kommune ansvar for at kaiene er i tilfredsstillande stand og godkjend til ferjedrift på overtakingstidspunktet.

### Vedlegg:

- Sak 043/16 Selje kommune formannskapet

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Fylkestingsak 11/10

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

#### Grunnen for at saka er fremja

Selje kommune har i dag ansvar for kjøp av ferjeteneste mellom Barmsund og Barmøy. Fylkeskommunen betaler eit årleg tilskot til kommunen for å ivareta vårt ansvar for rutetilbod til veglause grender.

FT gjorde i sak 11/10 vedtak om det fylkeskommunale minstetilbodet til veglause grender. I denne saka vart det og sagt at fylkeskommunen skal gjennomføre innkjøp av kollektivtenester med høve for kommunane å kjøpe opsjonsruter dersom dei ønskjer eit betre tilbod til innbyggjarane i kommunen sin enn det definerte minstetilbodet.

Etter at fylkeskommunen i 2012 tok over innkjøp av båtrotene i Florabassenget er det berre Selje kommune som har hatt eigne kontraktar på ruteproduksjon som er omfatta av det fylkeskommunale minstetilbodet.

I samband med at gjeldande kontrakt går ut i juni 2019 har det vore drøftingar mellom Selje kommune og fylkeskommunen om ansvar for kjøp av ferjetenester Barmsund - Barmøy.

I formannskapssak 043/16 i Selje kommune vart det gjort fylgjande vedtak:

*«Selje kommune oppmodar Sogn og Fjordane fylkeskommune om å overta drift av framtidig ferjerute Barmsund – Barmøy. Dette gjeld anbod og drift av anbodskontrakt*

*frå 1.6.2019. Minstetilbod og opsjonsruter må definerast/plasserast i samråd med kommunen.»*

### Sentrale problemstillingar

Innkjøp av ferjetenester er etter kvart blitt krevjande både med omsyn til gjennomføring av sjølve konkurransen og oppfølging i kontraktperioden.

Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar Statens vegvesen region vest til innkjøp og drift av ferjekontraktar. Statens vegvesen region vest gjennomfører kontinuerlig innkjøp og drift av ferjekontraktar på riks- og fylkeskommunale vegar på vestlandet og har difor god kompetanse på dette. Kostnaden med dette vert dekkja av staten gjennom sams vegadministrasjon.

Ved å bruke Statens vegvesen til dette arbeidet er det ikkje nødvendig for fylkeskommunen/Selje kommune å bygge opp eigen kompetanse på dette området.

Ved ei overtaking av ansvar for ferjedrifta kan det bli aktuelt at fylkeskommunen også tek over eigarskapet for dei to ferjekaiane. Dette er førebels ikkje diskutert med Selje kommune, og tilstanden til ferjekaiane er ikkje undersøkt. Vi legg til grunn at ferjekaiane må vere i tilfredsstillande stand og godkjent til ferjedrift på eit ev. overtakingstidspunkt. Vi må likevel rekne med at det blir behov for fylkeskommunale investeringar på ferjekaiane på grunn av tilpassing til nyare ferjemateriell og endra krav i samband med krav til null eller lågutslepp. Omklassifisering av ferjekaiane må handterast som eiga sak.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Fordelinga av kostnadane som i dag er om lag 2/3 på fylkeskommunen og 1/3 på Selje kommune er tilnærma rett i forhold til det faktiske tilbudet på strekninga, samanlikna med det fylkeskommunale minstetilbudet.

Uavhengig av kven som skal gjennomføre innkjøp av ferjetenester mellom Barmsund og Barmøy er det forventa at kostnadane vil auke. Grunnen til det er auka kostnader i høve miljø, tryggleik og universell utforming. Dette er krav som i neste omgang og kan medføre behov for større ombyggingar av ferjekaiane. Kven som gjennomfører sjølve innkjøpet påverkar ikkje kostnadsnivået.

Ved å ta over ansvaret for dette ferjesambandet vil det vere naturleg at det blir med i fastsetjing av dei statlege overføringane til drift av ferjesamband i Sogn og Fjordane. Kostnadsnøkkelen for båt og ferje er under omarbeiding, men vi må kunne forvente å få dekkja kostnadane med eit nøkternt rutetilbud.

Ei overføring av ansvaret for Barmsund – Barmøy til fylkeskommunen vil i svært liten grad påverke arbeidsmengda i fylkeskommunen. Så lenge fylkeskommunen kan nytte SVV til å følgje opp ferjekontraktane er det ikkje behov for å auke tal tilsette i administrasjonen.

### **4. Konklusjon**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ansvaret for innkjøp av rutetenester i fylket.

Ei overføring av innkjøpet av ferjetenester mellom Barmsund og Barmøy frå Selje kommune til Sogn og Fjordane fylkeskommune vil ikkje åleine medføre auka kostnader eller behov for betydelig meir arbeidsinnsats i fylkeskommunen.

Det er naturleg at ansvaret for denne ferjestrekninga vert overført til fylkeskommunen i tråd med FT-sak 11/10. Selje kommune får på lik linje med dei andre kommunane i fylket høve til å kjøpe opsjonsruter dersom dei ønskjer eit rutetilbud ut over minstetilbudet.